



Leif Harald Olsvoll
Håtuftvegen 258
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2312 - 14/9179

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
11.06.2014

Godkjenning - oppføring av altan og terrasser på gnr. 30, bnr. 10, Håtuftvegen.

Administrativt vedtak. Saknr: 150/2014

Eigedom: 30/10
Byggjeplass: Håtuftvegen 258
Tiltakshavar: Leif Harald Olsvoll
Planstatus: Kommuneplan – LNF-område

Søknad om: Oppføring av altan og terrasser.

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteke 14.05.2014, i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av altan og terrasser på bustadhuset på eigedomen gnr. 30, bnr. 10 i Håtuftveggen 258.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjonshandsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 12.05. og 14.05.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høyde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 14.05.2014. Det ligg føre erklæring frå naboeigedomen, gnr. 30, bnr. 13, som gjev eigedomen gnr. 30, bnr. 10 løyve til å føra opp terrasse inntil 2 meter frå eigedomsgrensa. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyving og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyving og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak:

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av ny altan og terrasser på bustadhuset på eigedomen gnr. 30 bnr. 10 i samsvar med søknad motteke 14.05.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 14.05.2014.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Leif Harald Olsvoll

Håtuftvegen 258 5918

FREKHAUG